

**VAKSDAL KOMMUNE**

# **DALE BARNE- OG UNGDOMSSKULE**

## **BYGGEPROGRAM NYBYGG**



Revisjon **2**  
Dato **2017/09/20**  
Utført av **Lars Jarle Nore og Torill Tverberg**  
Kontrollert av  
Godkjent av **Lars Jarle Nore**  
Beskrivelse **Dale barne- og ungdomsskule - Byggeprogram**

Ref. LjnBRG – [lars.jarle.nore@ramboll.no](mailto:lars.jarle.nore@ramboll.no)

## INNHALD

<b>A</b>	<b>ORIENTERING – SAMANDRAG .....</b>	<b>4</b>
A0	GENERELT- BAKGRUNN.....	4
A1	PROSJEKTSAMANDRAG/AREALSAMANSTILLING .....	7
A2	Areal – Romprogram.....	10
A3	ORGANISERING OG BRUKARPROSESS .....	11
A4	TID/FRAMDRIFT .....	13
		14
A5	ØKONOMI.....	15
<b>B</b>	<b>RAMMEVILKÅR – TOMT OG MYNDIGHETER .....</b>	<b>16</b>
B0	GENERELT/BAKGRUNN.....	16
B1	OFFENTLEGE BESTEMMELSAR.....	16
B2	TOMT .....	19
<b>C</b>	<b>FUNKSJON OG AREAL .....</b>	<b>27</b>
C0	GENERELT .....	27
C1	Generelt læringsareal .....	34
C2	Spesialisert læringsareal .....	39
C3	Administrasjons- personal- og støttefunksjoner.....	44
C4	Andre funksjonar - fellesfunksjonar .....	46
C5	Kultur- og samfunnsfunksjonar .....	49
C6	Tekniske rom.....	53
C7	Symjehall.....	55
C8	Uteområda .....	58
C9	Inventar og utstyrsprogram.....	59

## A ORIENTERING – SAMANDRAG

### A0 GENERELT- BAKGRUNN

#### A0.0 Generelt

Vaksdal kommune skal byggje ny barne- og ungdomskule på Dale for ca 250 elevar.

Oppgitt tomteareal er 16.016 m<sup>2</sup>. Tomta ligg sentralt, rett nord for sentrum av Dale, med kort avstand til ulike tilbud her. Tomta har plassering og terrengform som gir gode soltilhøve og skjerming for kalde vinder frå nord og aust.


Fyrste trinn i oppdraget vert å utarbeide eit byggeprogram.

Ein legg til grunn at eksisterande skule skal rivast og erstattast med nytt bygg.

Folkebadet skal inngå som del av ny skule, og ein skal vurdere trong for rehabilitering/oppussing.

Dale barne – og ungdomsskule skal i tillegg til skule innehalde følgjande funksjonar:

- felles skule- og folkebibliotek,
- administrasjon og øvingslokale for kulturskulen,
- fleirbrukssal med moglegheit for konsert



Skuleområdet i dag.



Skuleområdet og sentrum sett frå nord.

### **A0.1 Om eksisterande Dale barne- og ungdomsskule**

Dale barne- og ungdomsskule er den største skulen i Vaksdal kommune. Skulen er i dag barneskule for elevane i skulekrinsane Bergsdalen og Dale (1.-7. trinn) og felles ungdomsskule for elevar frå heile kommunen ( 8.-10. trinn) med unntak av Eidslandet og Eksingedalen.

Barnetrinnet på Dale er i utgangspunktet ein fädelt skule med 4-5 klassar, men er i dag ein fulldelt skule, der elevtalet siste tiårsperioden har variert frå omlag 100 til i underkant av 80 elevar. Elevtalet på ungdomstrinnet har i same periode lege mellom 150 og 160 elevar, men er no nede knapt 120 elevar. Det er to klassar på kvart trinn i 8.- 10.klasse.

I skulebruksplanen er det nemnt at ein kan vente ein liten elevtalsauke på kort sikt på barnesteget, men Norconsult sin elevtalsprognose forventar at samla elevtal på barneskulen vil ligge under 100 elevar i prognoseperioden fram til 2030.

Barnesteget vil også i framtida få årstrinn som er varierende i storleik og med omsyn til tal klasser. Skulen må truleg rekne med at det vert klassestorleikar under 10 elevar. Dette gjev grunnlag for at barnesteget vil vere fädelt i periodar.

Ungdomssteget vil som hovudregel ha eit elevtal som tilseier drift i ein toparallelar skule med 6 klassar. Einskilde årstrinn kan verte over 60 elevar og soleis gje grunnlag for 3 klassar på trinnet.

## **A0.2 Bakgrunn og historikk**

Oppsummere vedtak i formannskapet (3.10.2016) og kommunestyret (14.11.2016)  
Vedtak lokalisering på eksisterande skuleområde (april 2017)

Meir om skulebruksplanen og dimensjonering i kap C0.

### **Nærmiljø- og folkehelsefokus (sitat frå skulebruksplanen):**

«Skulane som kommunen sin forlenga arm i nærmiljøa og lokalsamfunna

Sosial nærleik til lokalsamfunnet vert ofte vurdert som ein sentral føresetnad for ein inkluderande skule. Skulane er eit samlingspunkt og fysisk base for aktivitetar i nærmiljøa – også utanom skuletida. Skulane er difor sentrale institusjonar i sine lokalmiljø.

Mange har eit nært og personleg forhold til skulen – og mange opplever skulen som eit symbol på kontinuitet og som ei positiv kraft i krinsen uavhengig av elevtalsutviklinga.

Sosial nærleik til lokalsamfunnet vert av mange vurdert som kvalitetsindikatorar for ein inkluderande skule. Det er difor viktig at ein eventuell strukturendring tek omsyn til dei funksjonane skuleanlegget har i bygda forutan å vera skule.»

### **Arealnorm i skulebruksplanen.**

Det er i skulebruksplanen laga arealtabellar for ulike skuleslag og ulike elevtal. Denne vert lagt til grunn for programmering av nye Dale barne- og ungdomsskule.

## **A0.3 Visjon og målsettingar**

Skulen sin visjon er:

### ***Læring og oppleving i sentrum***

Bakgrunn for visjon er fylgjande:

1. Læring er vår kjerneverksemd og difor er dette også fyrste ordet i visjonen
2. Oppleving vert knytt til elevar som me ynskjer skal ha positive opplevingar på skulen og SFO, i tillegg skal det vera gode kulturopplevingar for alle når den nye kultursalen
3. Sentrum er knytt til at læring alltid er vårt hovudfokus og at skulen skal vera med å utvikla Dale sentrum og Dale sentrum skal vera med å utvikla skulen

## A1 PROSJEKTSAMANDRAG/AREALSAMANSTILLING


Nye Dale barne- og ungdomsskule med samfunnsfunksjonar skal oppførast som nybygg på tomte til eksisteranse skulebygg.

I rom- og funksjonsprogrammet for Dale BUSK følger skuledelen som utgangspunkt førebels skulebruksplan med arealnorm. Avvik er kommentert i kap C.

Kultur- og samfunnsdelen med mellom anna bibliotek og kultursal har som utgangspunkt i arealrammer gitt i politiske vedtak om budsjett samt lokalisering hausten 2017. Desse rammene hadde ikkje lagt inn detaljutgreiing på rom og funksjonar og areala varierte også på dei ulike tomtealternativa.

Endeleg prioriteringar i høve til funksjonar og dimensjonering må difor leggst fram for byggjenemnda i møtet 22. juni. Avvik må opp til ny politisk behandling.

Figuren under viser hovudfunksjonane i skulen med fokus på samfunnsbygg-funksjonane og funksjonar som må spesielt tilretteleggast for opningstid etter vanleg skuletid.



### SKULEFUNKSJONAR

Skulen har i dag ca 220 elevar, med ca 100 elevar i barneskulen og 120 elevar i ungdomsskulen. Det er ca 30 elevar i SFO.

Klassane og trinna varierer i storleik, det må difor vere ulike romstorleikar i skulen for å kunne ta variasjonane frå år til år, men skulen samla må likevel ikkje planleggjast for meir enn 250 elevar slik vedtaket i kommunestyret seier.

Vedtaket om ny skule seier også at skulen skal planleggjast slik at ungdomstrinnet kan aukast i seinare byggetrinn. Dette vil vere den viktigaste fleksibiliteten ein legg inn i anlegget og skulen.

### Generelt læringsareal

Klassestorleiken ved skulen varierer mykje både i barne- og ungdomsskulen.

Gjennomsnittleg storleik i barnetrinnet er 14 elevar medan ungdomsskulen har gjennomsnittleg storleik pr trinn 40 elevar, men storleiken varierer.

I byggeprogrammet er det lagt opp til at gjennomsnittleg elevtal i barnetrinnet blir som no på 14 elevar per trinn medan ungdomsskulen vert dimensjonert for 50 elevar per trinn.

Det generelle læringsarealet både på barneskulen og ungdomsskulen skal utformast med romstorleikar og kombinasjonar av rom som gjer at ein kan takle dei ulike klassestorleikane utan at elevane sit for tett - eller det blir for mykje areal pr elev.

Eige rom for morsmålsundervisning er lagt i tilknytning til anna generelt læringsareal.

Garderobetilhøva må vere gode og romslege slik at knuffing og konflikhtar vert unngått.

Grovgarderobar for dei minste trinna må utformast slik at det blir plass til tørk og oppheng av våte klede.

### **Spesialisert læringsareal**

Funksjonane skulekjøkken, naturfag, musikk/dans/drama og formingsverkstader er planlagt for at dei skal nyttast av både barne- og ungdomsskulen og må difor både utformast og plasserast slik at dei er tilgjengeleg for både barneskulen og ungdomsskulen.

Ettersom det er ungdomsskulen som nyttar spesialromma mest, kan det vere naturleg at dei også ligg nærast ungdomsskulen.

Fleire av funksjonane vil også bli nytta av andre brukargrupper utanom skuletida og må ha ei utforming og plassering som er tilpassa dette, mellom anna skulekjøkkenet som også skal fungere saman med kantina som kafé ved arrangement utanom skuletida .

### **Administrasjon og lærararbeidsplassar.**

Skulen ønskjer å ha lærararbeidsplassane mest mogleg samla og nær administrasjonen.

Dei fleste lærarane arbeider både i barneskulen og i ungdomsskulen, så det vil gje eit betre samarbeid og meir fleksibilitet dersom lærararbeidsplassane ligg samla.

Det er planlagt at ekstra arbeidsplassar for kulturskule skal leggjast saman med lærararbeidsplassar og administrasjon og at desse ekstra plassane også skal fungere som ambulerande kortvarige kontorplassar for timelærarar og assistentar.

Det er lagt opp til personalgarderobar ihht krav frå arbeidstilsynet.

### **Kantine.**

Det er ønske om å leggje kantina sentralt i bygget slik at den vert del av vrimlearealet og kommunikasjonsåra i skulen og dermed også kan nyttast utanom pausar til gruppearbeid m.v. Den er også tenkt nytta til kafé ved arrangement i skulen.

Kantina vil også få ei plassering ved skulekjøkkenet slik at den kan nyttast til spiseareal ved undervisning i mat og helse.

### **Drift og lager.**

Det er lagt inn kontor/spiserom og garderobar for drift- og reinhald, reinhaldssentral/-rom fordelt i bygget og hovudlager ved varemottak/driftsinngang.

### **Skulehelsetenesta/PPT**

Skulehelsetenesta vil ha kontordag frå 2-3 dagar i veka og vil vere ei teneste for både barneskulen og ungdomsskulen og eit eige kontor med ventesone saman med rådgjevar for skulen er lagt inn i programmet. PPT vil kunne disponere kontor på skulen ved kortare kontorbehov , men vil ha sine hovudarbeidsplassar på rådhuset.

Kontoret til skulehelsetenesta vil fungere som møterom/ekstrakontor for skulen når helsetenesta ikkje er til stades.



## **KULTUR- OG SAMFUNNSFUNKSJONAR**

### **Kultursal/auditorium og aktivitetsrom**

Tidlegare kostnadsoverslag i prosjektet beskrive ein sal for 120 personar i tilknytning til skulen, noko som også ligg til grunn for vedtak i formannskapet før jul 2016.

Frå Vaksdal Musikkråd har det komme ønske om ein kultursal for 250 personar. Dette er ein storleik som også vil gjere det mogleg for skulen å samle alle elevar til felles arrangement. Medan elevar frå 5.-10.klasse vil få si gymnastikkundervisning i Turbinen fleirbrukshall, har ein behov for å ha eit aktivitetsrom for elevane frå 1. – 4.trinn i nær tilknytning til skulen.

I programmeringa har ein sett på ulike løysingar for desse funksjonane, med ulike storleikar og kombinasjonar. Det er synleggjort ei kombinasjonsløysing med kombinert kultursal og aktivitetsrom som kan romme 120 personar og ei mellomløysing der kultursal og aktivitetsrom er egne rom, men som samanslegne vil gi plass til 250 personar.

Kultursal/auditorium er også planlagt brukt til deler av musikk/dans/drama-undervisninga ved skulen. Det er også ønske om at kultursal/auditorium og aktivitetsrom skal utformast slik at det kan fungere som ungdomsklubb på kveldstid, evt i sambruk med kantine.

*I kombinasjonsalternativet* er kultursal/auditorium eit rom med skyveamfi og plass til 120 personar, og det er ikkje lagt opp til egne scenegarderobar for framsyningar. Salen vil akustisk bli lagt til rette for konsertar, men vil dagleg bli nytta til aktivitetsrom i samband med SFO og gymnastikk for 1.-4.trinn.

*I mediumalternativet* ligg kultursal/auditorium inntil aktivitetsrommet med foldevegg mellom. Salen kan dermed både fungere som intim konsertsal og utvidast og nyttast til større konsertarrangement, dans m.v. I tilknytning til salen er det lagt til garderobar for sminke/skifte til framføringar. Aktivitetsrommet inntil kultursalen kan ved å opne foldeveggen mot kultursalen få auke aktivitetsflata til over det doble, og garderobar med dusj tilhøyrande kultursalen skal fungere som garderobar for kroppsøving for 1.- 4.trinn.

### **Kulturskulen**

Kulturskulen brukar primært skulen sine areal og rom for kulturskulen må liggje slik til i den nye skulen at det vil vere mogleg å halda open utanom skuletida. I tilknytning til musikkrommet ved skulen er det lagt inn to lydmessig spesialiserte øvingsrom som både skulen og kulturskulen vil nytte. Administrasjon/kontorbehova til kulturskulen er lagt til lærararbeidsplassane ved skulen.

### **Folkebiblioteket**

Folkebiblioteket vert lagt til skulen og skal vere eit kombinert skule- og folkebibliotek. Biblioteket er planlagt som eit «meiropent» bibliotek, slik at innbyggjarane skal låne bøker også utanom opningstida til skulen og anlegget. Ein ønskjer at biblioteket får ligge i nærleiken av kulturskulen slik at venting på speletime kan kombinerast med bibliotekbesøk.

### **Symjehallen.**

Det er gjennomført ei grundigare tilstandsanalyse på symjehallen i løpet av våren og sommaren 2017, med eigen rapport. For symjehallen er alternativa i byggeprogrammet ulike grader av rehabilitering, ombygging og nybygg i tilknytning til eksisterande 25m-basseng eller fullt nybygd symjehall med 12,5m basseng.

Skulen har i programmeringa påpeikt at ein symjehall med berre kapasitet til ein halv klasse (reduksjon ved nybygg til 12,5 meter) vil innebære ekstra driftskostnad for skulen.

## A2 Areal – Romprogram

Arealoppstillinga under viser romprogram for skule samanstillt med K250 arealprogram i skulebruksplanen og dei to alternativa for løysing av kultursal/auditorium og aktivitetsrom.

FUNKSJON:	m2/elev	Dale BUSK med 250 elevar	Arealprogram K250 Norconsult	Skilnad	Merknad
<b>GENERELT LÆRINGSAREAL:</b>					
Generelt læringsareal	3,80	950	1000	-50	Andel på 0,2m2/elev overført til kultursal
Elevgarderobar/toalett	0,9	225	185	40	Lågare m2/elev i normen enn andre arealnormer
Innføringsklasse		20	0	20	Ikkje medteke i arealnormen
SFO-base	0,14	35	35	0	
<b>SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:</b>	<b>4,84</b>	<b>1 230</b>	<b>1220</b>	<b>10</b>	
<b>SPESIELT LÆRINGSAREAL:</b>					
Skulekjøkken	0,4	100	100	0	
Bibliotek	0	-	75	-75	Overført til folkebiblioteket
Naturfag	0,32	80	80	0	
Musikk, dans og drama	0,36	90	90	0	
Formingsverkstad	0,58	145	145	0	
<b>SUM SPESIELT LÆRINGSAREAL:</b>	<b>1,66</b>	<b>415</b>	<b>490</b>	<b>-75</b>	
<b>PERSONAL- OG ADMINISTRASJON:</b>					
Administrasjon	0,24	60	51	9	
Personalarbeidsplassar m/støttefunksjonar	0,6	150	150	0	25 lærarar
Møterom/kvilerom	0,12	30	30	0	
Birom/støtte adm.	0,05	13	0	13	Ikkje medteke i arealnorm
Personalrom	0,26	65	40	25	Auka for å kunne romme større personalgruppe
Personalgarderobar/toalett	0,12	30	30	0	
<b>SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJON:</b>	<b>1,39</b>	<b>348</b>	<b>301</b>	<b>47</b>	
<b>ANDRE FUNKSJONAR:</b>					
Kantine	0,3	75	75	0	
Skulehelsetenesta	0,1	25	25	0	
Drift og lager	0,3	75	75	0	
<b>SUM ANDRE FUNKSJONAR:</b>	<b>0,7</b>	<b>175</b>	<b>175</b>	<b>0</b>	
<b>SUM NETTOAREAL skuledel ekskl idrettsareal:</b>	<b>8,6</b>	<b>2 168</b>	<b>2 186</b>	<b>-19</b>	
<b>SUM BRUTTOAREAL skuledel ekskl idrettsareal:</b>	<b>12,46</b>	<b>3 143</b>	<b>3 060</b>	<b>82</b>	

Kombinasjonsalternativ sal 120p	m2/elev	Dale BUSK med 250 elevar	Arealprogram K250 Norconsult	Skilnad	Merknad
<b>KULTUR- OG SAMFUNNSFUNKSJONAR sal 120p:</b>					
Auditorium/kultursal og aktivitetsrom m/birom		244	215	29	
Kulturskule adm og øvingsrom		56	21	35	
Folkebibliotek		325	325	0	Felles inngang og vrimeareal med skulen
<b>SUM NETTOAREAL kultur- og samfunnsfunksjonar:</b>	<b>2,5</b>	<b>625</b>	<b>561</b>	<b>64</b>	
<b>SUM BRUTTOAREAL kultur-samfunnsfunksjonar:</b>	<b>3,83</b>	<b>957</b>	<b>795</b>	<b>162</b>	

Mediumsalternativ sal 250p	m2/elev	Dale BUSK med 250 elevar	Arealprogram K250 Norconsult	Skilnad	Merknad
<b>KULTUR- OG SAMFUNNSFUNKSJONAR sal 250p:</b>					
Auditorium/kultursal m/birom		354	0	354	
Kulturskule adm og øvingsrom		56	21	35	
Folkebibliotek		325	325	0	Felles inngang og vrimeareal med skulen
Aktivitetsrom		120	215	-95	Garderobe - sambruk med kultursal
<b>SUM NETTOAREAL kultur- og samfunnsfunksjonar:</b>	<b>3,4</b>	<b>855</b>	<b>561</b>	<b>294</b>	
<b>SUM BRUTTOAREAL kultur-samfunnsfunksjonar:</b>	<b>5,02</b>	<b>1 255</b>	<b>795</b>	<b>460</b>	

## A3 ORGANISERING OG BRUKARPROSESS

### A3.0 Prosjektorganisasjon

- Kommunen si eiga prosjektleiinga har det overordna ansvaret for programmet og programprosessen og har det overordna ansvaret for funksjonelle og tekniske krav samt kostnader/kalkyle i programfasen.
- Programmeringsarkitekt/byggherreombud er engasjert gjennom utlyst tilbudsprosess vinteren 2017
- Programmeringsgruppa har i programmeringsfasen teke over funksjonen til den tidlegare referansegruppa og har vore det sameinande organet for diskusjon rundt saker som kjem fram.
- Brukarrepresentantane i dei to brukargruppene for høvesvis skule og samfunn/kultur har gjennom prosessen aktivt gitt innspel til program og funksjonskrav.

### PROSJEKTGRUPPE

Oppdragsgivar:	Vaksdal Kommune v/ Willy-Andre Gjesdal
Prosjektleder:	Willy-Andre Gjesdal, Vaksdal kommune (PL) Magne Rønning Eikeland, Vaksdal Kommune (Ass.PL)
Programmeringsgruppa:	Willy-Andre Gjesdal, Einingsleiar byggje og by, Vaksdal kommune (PL) Magne Rønning Eikeland, Vaksdal Kommune (Ass.PL), Vaksdal kommune Ann Kristin Bolstad, Kommunalsjef oppvekst, Vaksdal kommune  Magnar Helland, rektor Dale BUSK Ståle Hesjedal, lærar og tillitsvalgt utdanningsforb. Sjur Brattabø, lærar og verneombud Linn Stokke, lærar barnesteg Jill Bru Johansen, PPT - fagleiar  Ole Hesjedal, leiar Vaksdal musikkråd Jan Erik Kolås, leiar Folkebiblioteket Sindre Sortland, Rektor Kulturskulen
Brukargruppe skule:	Magnar Helland, rektor Dale BUSK Ståle Hesjedal, lærar og tillitsvalgt utdanningsforb. Sjur Brattabø, lærar og verneombud Linn Stokke, lærar barnesteg Jill Bru Johansen, PPT - fagleiar
Brukargruppe skule og samfunn:	Ole Hesjedal, leiar Vaksdal musikkråd Jan Erik Kolås, leiar Folkebiblioteket Sindre Sortland, Rektor Kulturskulen
Programmeringsarkitektar:	Lars Jarle Nore og Torill Tverberg Rambøll Norge AS, Arkitektur og Plan

### A3.1 Redigering av programrapport

Figuren under viser redigering og hovudinnhald i rogramrapporten

